

Uskedalen har fått palmepoliti

29.05.2007



Palmepolitikklassa (fjerde klasse) framfor palmelunden som no veks ved idrettsplassen. Bak sit "palmepolitmeister" Åse Neset, jordbruksjef Karin Thauland og komiteleiar i Bygdeutviklingsprosjektet Kjell Yri. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen har mykje og no har bygda også fått sitt eige palmepoliti! Friluftsgruppa i Bygdeutviklingsprosjektet har teke initiativet for å komma den ekspansive tromsøpalma til livs. I dei seinare åra har den giftige planta spreia seg særleg mykje i området rundt skulen.

"Politiet" er fjerdeklassen og elevane har til oppgåve å seia frå til læraren sin hvis dei ser eksemplar av tromsøpalma. Så blir plantene teikna inn på eit kart. Kåre Haugse, tidlegare fagkonsulent i skogbruk i kommunen, har sagt seg viljug til å ta seg av sprøytinga.



Tromsøpalma slik ho blir attgjeve i leksika

Hvis ein er så uheldig å få på seg gift frå tromsøpalma skal ein ha på vatn og ringa Giftsentralen i Oslo, som har nummer 22 59 13 00. Dei gjer råd om kva ein skal gjera vidare.

Hvis ein skal handtera tromsøpalme bør ein ha på seg både regntøy, gummistøvlar og hanskar.

Gifta i tromsøpalma heiter furocoumariner. Hvis ein får safta frå planta på seg, kan den ved eksponering under sollys gje hudreaksjonar på utsette stader. Dette fører til rødme, kløe, svie, eksem og i verste fall store blemmer eller tredjegrads forbrenning fordi giftstoffane gjer huden ømfindtleg for UV-strålar. Denne ømfindlegheten kan vara i inntil eitt år etter eksponeringen, opplyser ekspertane.

Opprinnelag kjem planta frå Kaukasus, der ho veks vilt. Til Noreg vart ho først innført som frø med ein engelsk botanikar til Alta i 1838 og seinare til Mac-familien sommarhus i Tromsø som prytplante - på 1860-talet. Det siste er grunnen til namnet. Seinare har ho spreidd seg over heile landet.

Det var torsdag morgen fjerdeklassingane ved skulen vart utpeika til palmepoliti, med lærar Åse Nesi som politimeister. Det gjorde leiaren for friluftsgruppa Kjell Yri og jordbruksjef i kommunen Karin Thauland. Ho fortalte at tromsøpalma har vore eit problem i mange år fleire stader i landet, til dømes i Ski ved Oslo der Karin kjem ifrå. Der har dei ansatt ein person til å ta seg av problemet.

Planta spreier seg ved frø og i vatn – som løvetann – og til Uskedalen har ho truleg kome via fjorden. Først vart ho observert for mange år sidan utanfor skulen, der badestranda ligg. Planta er toårig. Dei kvite, flotte blomane kjem først andre året og det beste er å ta knekken på planta så tidleg som mogeleg..
Det gjeld å ikkje miste motet - det er nødvendig å sprøyta i fleire år og fleire gonger i sesongen.
Hvis kyr et tromsøpalma, kan det bli dårleg smak på mjølka og lågare betaling for bøndene.

Karin Thauland rosa skulen for at den engasjerer seg i dette problemet og lærar Åse streka under at det er kjekt å kunne gjera noko i lag. Elevane hadde mange gode spørsmål.

Bygdeutviklingsprosjektet søkte for kort tid sidan kommunen om midlar til dette føremålet, men fekk til svar at dei ikkje hadde kapasitet til å handsama søknaden før til hausten. Førebelts vil dei difor låna midlar av prosjektkassa, opplyser komiteleiar Kjell Yri til uskedalen.no. Den gifta som vil bli nytta er den som vanlegvis brukast på vekster av ymse slag.

Det veks også tromsøpalmer andre stader i Kvinnherad, til dømes ved Handeland gard.

Av Ola Matti Mathisen



- Ha hansk på deg hvis du skal handtera tromsøpalma, seier Kjell Yri til elevane Victoria Andersen Eik og Are Telstø Legland. (Foto: Ola Matti Mathisen)